

# Kommunal rettleiar ved mistanke om vald og overgrep mot barn og unge



Kvinnherad Kommune 2020

## **1. Innhold:**

2. Innleiing	s.	4
3. Lovregulering	s.	6
4. Kva er vald og overgrep?	s	6
4.1 Ein kan dele valden inn i 5 hovudtypar	s.	6
4.2 Seksuelle overgrep	s	6
5. Symptom på at barn kan vera utsette for vald/overgrep	s.	9
6. Meldeplikt	s	12
7. Konsultasjonsteam for vald og seksuelle overgrep	s.	13
8. Avdekkjande samtalar	s.	13
8.1 Snakkemedbarn.no	s.	13
8.2 Meir om samtale med barn	s.	14
8.3 Andre tips til samtale med barn	s.	15
8.4 Bruk av tolk i samtalen	s.	16
9. Kva gjere vi ved mistanke om vald/overgrep	s.	17
10. Avklaring av uttrykk	s.	18
11. Kontaktinformasjon til aktuelle tenester	s.	19
12. Aktuelle og nyttige lenkjer	s.	20
13. Kjelder	s.	21



## **2. Innleiing:**

Bakgrunn for denne rettleiarene er Barne-, likestilings- og inkluderingsdepartementet sin tiltaksplan «En god barndom varer livet ut», som har som mål å kjempe mot vald og seksuelle overgrep mot barn og unge (2014-2017) (les meir [her](#))

Proposisjon 12s; Opptrappingsplan mot vold og overgrep 2017-2021( [les meir her](#) ) seier at det skal bli satsa på å kjempe mot vald og overgrep.

01.10.15 blei den nye straffelova innført, som er særleg skjerpa i høve til vald og overgrep i nære relasjonar. Her kjem det frem at all seksuell omgang med barn under 14 år kjem inn under valdtekts.

Ein ser at vald og overgrepssaker er ei aukande problemstilling i vår kommune. Barnevernstenesta tek i mot fleire meldingar der dette er heile eller delar av problematikken. Vi ønskjer å sjå på korleis Kvinnherad kommune kan løyse slike saker på best mogleg. For å underbyggja behovet for rettleiarene, har vi gått inn i statistikk for vår kommune. Vi har sett på innkomne meldingar til barnevernstenesta dei siste tre år.

Vi har nytta følgjande søkekriterium:

- Barn som er utsette for fysisk vald
- Barn som er utsette for psykisk vald
- Barn som er utsette for seksuelle overgrep
- Vald i heimen/ barnet er vitne til vald i nære relasjonar
- Høg grad av konflikt heime
- Foreldre sin kriminalitet
- Foreldre sine psykiske problem/liding

	2017	2018	2019	2020 (10.06)
Tal meldingar totalt	154	138	155	73
Tal meldingar der eit eller fleire av søkekriteria er registrerte	85	66	53	39
Prosentdel av meldingar som inneheld eit eller fleire av søkekriteria	55,2%	47,8%	34,2%	53,4%

Det er ei kjennsgjerning at det er store mørketal når det gjeld vald og overgrep mot barn. Paradokset er at desse mørketala eigentleg ikkje er heilt mørke. Det viser seg at mange allereie har vore i kontakt med offentlege tenester, som barnehagar, skular, helsetenester m.m, - utan at det har blitt tatt affære. Ein grunn til dette kan vere manglande kompetanse til å sjå og handla. Det at overgripars i større grad kan nytta internett, i tillegg til at terskelen for å melde om seksuelle overgrep blir seinka når ein bryt ned tabu omkring seksuelle overgrep, aukar forventningane om fleire meldingar om seksuelle overgrep.

Vi trur at ein meir samordna og effektiv prosess i desse sakene vil vere ressurssparande på ulike vis. Å komme tidleg inn i sakene, vil ha ei førebyggjande effekt på ulike nivå. Dersom vi kjem inn i ein familie med dårlig samspel på eit tidleg tidspunkt, vil tett og god rettleiing kunne avhjelpe situasjonen for barnet, og stoppe valden. Dersom vi oppdagar vald- og overgropsproblematikk på eit tidleg tidspunkt, vil vi kunne skjerme barnet for ytterlegare skade ved å setje inn tiltak,- i eller utanfor heimen.

Føremålet med rettleiaren er:

- *så tidlig som mulig å avdekkja, førebyggja og lindra helseskader som følgje av vald i nære relasjoner, ved å auka samhandlingskompetansen i dei aktuelle tenesteapparata.*

Rettleiaren skal bidra til at private, statlege og kommunale instansar skal samarbeida om å kjempe mot vald i nære relasjoner, for raskt å identifisera problem og yte hjelp der det er behov. Vi ønskjer å auke prosesskompetansen til tilsette i saker der det er mistanke om vald og/eller overgrep. Målgruppa for denne rettleiaren er alle som arbeider med barn og unge i kommunen.

Vi vil at dette skal vera eit godt arbeidsverktøy på arbeidsplassar der det er kjennskap til eller mistanke om vald og overgrep. I rettleiaren vil du finne definisjonar på vald/overgrep, kva kjenneteikn som kan visa seg hjå barnet og korleis du konkret skal gå fram i ei slik sak. Denne rettleiaren inneholder ein del lenkjer til filmar og ulike nettstader. På denne måten vil du kunne få mykje tilleggsinformasjon ved å nytta ein digital versjon. Den digitale versjonen kan du finne [her](#)

#### **Prosjektgruppa:**

Monika Høyre Haugland,	verksemdleiar Tiltak og Tenester for barn og unge ( TTBU)
Oddbjørg Bjelland,	leiar barnevernstenesta
Greta Johansen Berg,	barnevernskurator
Maria Ø. Berge,	fagkoordinator Helsestasjonen og deltakar i konsultasjonsteamet
Rita Arneberg,	fagkoordinator avlastning for barn og unge
Kurt Dahl,	Psykisk helsearbeidar for barn og unge

I tillegg har vi fått god hjelp frå:

Jarle Rørdal,	Politiet, Kvinnherad lensmannsdistrikt
Brit Helen Hauan,	Psykisk helsearbeidar for vaksne
Mari Peterson Dale,	Krisesenteret Stord

Første utgåve av rettleiar var klar 01.01.2019. Rettleiar er oppdatert oktober 2020.

#### **Ansvar for oppdatering og revidering:**

Kurt Dahl Kvinnherad barnevernsteneste  
tel: 905 23 059 eller e-post: [kurt.helge.dahl@kvinnherad.kommune.no](mailto:kurt.helge.dahl@kvinnherad.kommune.no)

Ta gjerne kontakt ved innspel eller spørsmål

### **3. Lovregulering**

Alle offentleg tilsette har etter § 6-4 i barnevernslova( sjå heile paragrafen [her](#) ) plikt til å mælda frå til barnevernstenesta dersom det er grunn til å tru at barnet blir mishandla eller utsett for grov omsorgssvikt. Denne paragrafen finn du og i andre særlover, til dømes i Opplæringslova, barnehagelova, Lov om psykisk helsevern, Lov om sjukehus, Lov om helse og omsorg og straffeprosesslova.

I praksis vil ei melding til barnevernet oftast vera underteikna av leiar. I dei tilfella der det ikkje er semje om saka bør meldast eller ikkje, har den tilsette eit lovpålagt sjølvstendig ansvar for å melde si uro.

Dersom ein offentleg tilsett skal mælda ei sak til barnevernstenesta, er hovudregelen at ein skal informera føresette om at melding er sendt. Dersom ein veit eller mistenkjer at saka dreiar seg om vald og/eller overgrep i heimen skal ein melde til barnevernet utan å varsle føresette på førehand.

### **4. Kva er vald og overgrep?**

*Vold er forsettlig bruk av, eller trussel om, fysisk makt eller tvang, rettet mot en selv, andre enkeltpersoner, eller en gruppe. For å regnes som vold må handlingen resultere i, eller ha høy sannsynlighet for å resultere i død, fysisk eller psykisk skade, eller mangelfull utvikling.*  
(Verdens helseorganisasjon, WHO)



#### **4.1 Ein kan gjerne dela inn valden i fem hovudgrupper:**

**Fysisk vald** er ei kvar fysisk handling som skadar eller kontrollerer eit anna menneske. Det kan til dømes vera slag, spark, dytt, lugging, biting, knivstikk, binding, brennemerking, kvelartak og åtak med ulike gjenstandar. All fysisk mishandling inneheld og psykisk mishandling.

**Psykisk vald** er all bruk av ord, stemme, handling eller mangel på handling som kontrollerer, skadar eller krenker ein annan. Det kan til dømes vera utskjelling, direkte truslar, isolering, gjentatt sårande kritikk, ignorering, audmjuking, utagerande sjalusi, framsetting av urette påstandar og forhør.

**Seksuell vald** skjer ved å krenkja, audmjuka og kontrollera eit anna menneske. Det kan til dømes vera uønskt seksuell kontakt, påtvinga seksuell aktivitet, smertefull seksuell aktivitet, valdtek, sadistiske seksuelle handlingar, påtvinga seksuell aktivitet med andre og påtvinga seksuell aktivitet medan andre ser på. Den seksuelle valden er særleg psykologisk nedbrytande fordi den rammar det mest private hos eit menneske.

**Materiell vald** går ut over ting og gjenstandar. Dette inkluderer til dømes å knusa eller øydeleggja vinduer og dører, kasta gjenstandar (på nokon), øydelegge ting andre er glade i/som betyr noko for dei, rive sundt klede, kasta og rasera inventar. Dersom vedkommande tidligare har utøvd fysisk vald, vil den materielle valden virka særleg skremmande og lammande.



**Latent vald** er angst for vald . I nære relasjonar der det tidlegare har vore vald, kan den latente valden utvikla seg til å bli den dominerande valdsforma. Risiko for ny vald kan styra alt den valdsutsette gjere utan at det er nokon aktiv trussel. Når ein har opplevd vald, veit ein at det kan skje igjen.

(Kilde: Per Isdal (2000) Meningen med volden, Kommuneforlaget)

## 4.2 Seksuelle overgrep

Senter mot incest og seksuelle overgrep i Telemark definerer overgrep som;

**"Seksuelle overgrep er fysisk og/eller psykisk utnyttelse av barn eller voksnas seksuelle integritet".**

Ved seksuelle overgrep mot barn blir avhengige, utviklingsmessig umodne barn og ungdom tatt med på seksuelle handlingar som dei ikkje forstår den fulle rekkevidda av. Fordi barn og unge ikkje forstår den seksuelle situasjonen fullt ut, kan dei ikkje gi samtykke til aktiviteten på grunnlag av erfaringar og kunnskap.

Incest inneber seksuelle forhold mellom personar som er biologisk i slekt, anten i nedgåande linje (forskjellige generasjoner) eller mellom søskene.

### Juridisk definisjon:

Den juridiske definisjonen av seksuelle overgrep mot barn går fram av straffelova [kapittel 19](#) (Straffeloven - 2005 utg.) om seksualbrotsverk.

Det er mange eigne føringar for overgrep mot barn. Loven forbyr:

- seksuelt krenkjande eller anna uanstendig åtferd
- seksuell handling eller omgang med barn.

Seksuelt krenkjande eller anna uanstendig åtferd kan til dømes vere blotting, det å få eit barn til å vise fram kjønnsorganet sitt eller framlegg om sex. Med seksuell handling meiner ein til dømes å ta på bryst eller kjønnsorgan, medan seksuell aktivitet er samleie eller samleieliknande tilhøve som slikking og suging av kjønnsorgan.

(Kilde: NKVTS, Seksjon Barn og unge, 2007)

- **Utuktig åtferd**
  - Det er ikke fysisk kontakt mellom barn og overgripar. Det kan vera blotting, vising av pornografi, verbal seksuell tilnærming, eller tvang av barnet til å vere tilstade under seksuelle handlingar mellom andre.
- **Utuktig handling**
  - Det er fysisk kontakt mellom barnet og overgripar. Det vert teke på barnet sine kjønnsorgan, eller at barnet må ta på/ onanere overgripar. Seksualisert kjenning på andre kroppsdelar reknast og inn, til dømes på brystene.
- **Utuktig omgang**
  - Barnet vert tvinga til samleie eller samleieliknande handlingar. Det vere samleie i skjede, munn eller endetarm, eventuelt inntrenging med fingre eller gjenstandar.

## **5. Symptom på at barn kan vera utsette for vald/overgrep:**

Barn som er utsette for seksuelle overgrep og vald i familien lever i ein kvardag prega av angst, uro og utryggleik. Dei treng empatiske og merksame vaksne som ser dei og viser at dei tåler å høyre om erfaringane deira.

På neste side finn du ei oversikt over ein del symptom/ kjenneteikn som kan vise seg hos barn som har vore eller er utsette for vald og/eller overgrep. Denne lista er ikkje uttømmande, og barn kan visa andre reaksjonar enn dette, eller også la være å vise ein del symptom. **Det er viktig å vite at barn som lever i grov omsorgssvikt kan vera symptomfattige.**

I høve til barn med psykisk og/ eller fysisk funksjonshemming kan det vere ekstra utfordrande å finne ut kva som har skjedd, då dei kanskje ikkje kan uttrykke seg verbalt. Då kan det vera lurt å leggje merke til åtferdsendring og fysiske endringar, samt til dømes å leggje merke til blåmerke, sår og liknande.



Det er grunn til å fatte mistanke dersom barnet har mistenkjelege brot, stor utbreiing av blåmerke eller arr på kroppen, utan at det føreligg ei god grunngjeving.

Ver særleg merksam dersom du opplever at:

- Skadeomfanget ikkje stemmer med oppgitt hending
- Det ikkje vert gjeven grunn for kva som har påført skaden.
- Den oppgitte hendingar ikkje høver med kva barnet kan klare.
- Grunngjevinga vert endra
- Barnet kjem seint til lege.

Dersom du mistenkjer vald må du ta kontakt med barnevernet eller politiet snarast.

**Symptom på at barn *kan* vera utsette for vald og/eller overgrep**

Alder	Emosjonelt	Kognitivt	Åtferd
0-1 år	Angst Spenning Hyperaktivivering Traumatisering	Manglande respons Forseinka utvikling	Gråt Skader seg lett Forstyrringar i søvnrytme Problem med fordøying
1-5 år	Frykt Angst Lett frustrert Sint Frykt for utøver Tvilande Føler seg splitta mellom foreldra Føler seg makteslaus Sårbar Låg sjølvtillit	Lett distraheret Vanskeleg å fokusera Låg impulskontroll Forseinka utvikling	Slår seg vrang Kopierer utøvar sin åtferd Enurese/enkoprese Utagering Vernande ovanfor yngre søsken Vernande ovanfor mor, vil vera heime Knuser leiker Nervøse vanar Manglande respekt for damer
5-12 år	Gret lett Desorganiserte kjensler Problem med tillit Desperasjon Vonløyse, hjelpeværslende Manglande empati Sinne mot mor/far Sinne mot seg sjølv	Spesifikke lærevanskar Sjølvordstankar Manglande struktur og fokus Prøver å vera meir vaksne oftare Overdrevent ansvarleg Manglande ansvar	Prøvar å vera i kontroll Hærverk Valdsam Utageringar Rømmer heimefrå Perfeksjonisme Mangler grenser Vald mot utøver Sjølvskading Sloss

Unge (jenter)	Problem med tillit Hater eller legg skulda på mor/far Sterkt ønskje om å bli verna Føler spenningar og rastløyse Føler seg hjelpelaus og utan håp Forvirra kjønnsroller Kjenner skuld og skam i høve til valden Blir emosjonelt nummen Deprimert	Problem med merksemrd Droppar ut av skulen Manglande sjølvforståing Grenselaus Personlegdomsproblem	Ikkje i stand til å fungere heime Ikkje i stand til å fungera i relasjoner Rømmer heimafrå Rusmis bruk Tidlig graviditet eteforstyrringar Ser etter ein sterk vernande mann Sjølvskading
Unge (gutar)	Kjenner seg hjelpelaus og skuldig Tilbaketrekking Skamfull og flau Har ikkje venner Deprimert Treng kontroll	Problem med å halde fokus Problem med å flytte fokus Droppar ut av skulen Tenkjer at vald er ok i parforhold Tradisjonelle maskuline verdiar Sjølvmordstankar	Bruker vald som mestring Rusmis bruk Antisosial åtferd Utagering Problem med relasjon Vold mot utøver Seksuelle problem Sjølvskading

\*\*Hugs at barn ikkje treng å ha symptom sjølv om dei har vore utsette for vald/overgrep, og at barn kan vise slik åtferd utan at dei har blitt utsette for overgrep.

## **6. Meldeplikt**

Uro for om barn blir utsett for vald og overgrep kan vera vanskelig og ei påkjennning for oss vaksne. Vi kan prøve å unnskulde teikn vi ser, slik at vi unngår vanskane ei slik sak kan påføre oss..

Vi kan stilla oss spørsmål som;

- Tenk om eg tar feil?
- Klarar eg å ta imot det barnet vil fortelje meg?
- Korleis vil eg reagera?
- Kva med samarbeidet med foreldre?
- Tenk om far/mor blir sint?

Hugs at dette og andre spørsmål er heilt vanlege i ein slik prosess, der ein har uro for om barn eller unge blir utsette for vald og/eller overgrep. Tankane kan gjera at me som vaksne kvir oss med å gripa inn, og kanskje let vera å gjera noko.

Då er det viktig å vite at alle som jobbar i offentlege etatar har **PLIKT** til å melde dersom det er mistanke om vald og/eller overgrep. Denne plikta inneber at du som tilsett i kommune eller stat ikkje kan velje om du vil melde, men det er faktisk ein del av jobben din. Sjølv om ein tenkjer at dette kan vera vondt og vanskeleg, så er det **barnet** vi skal ha i fokus. Det er **barnet** vi skal hjelpe

Tieplikta etter helsepersonallova er grunngjeven med omsynet til personvernet og integriteten til pasienten, og omsynet til at folk har tillit til helsepersonell og helsetenesta. [Her](#) kan du lesa meir om når meldeplikta blir gjeldande for personar som arbeider innan helse.

Dersom du uroar deg for eit barn, er det viktig å ta tak i dette så raskt som mogeleg. Bruk dine kollegaer og diskuter uroa di. Kontakt din leiar. Sett ord på det som uroar deg. Det er også viktig å hugse på at du ikkje skal vite at overgrep skjer, det er nok å ha ei uro. Så er det opp til politi og barnevernet å finne prov/motprov på at overgrep skjer/ikkje skjer.

Me som arbeider med barn og unge må våga å ta den vanskelege samtalen. Me må våga å spørje. Me må hugsa kven me er her for, nemleg barnet. (tips til samtalen finn du på neste side)

Dersom du melder sak til barnevernet, der innhaldet er uro for at det er vald/overgrep, skal du **ikkje** informere føresette før du sender melding til barnevernet. Er du usikker, ta kontakt med barnevernet for anonym drøfting.

## **7. Konsultasjonsteam for vald og seksuelle overgrep:**

Som eit ledd i å spreie kompetanse om vald og overgrep og å, gi hjelp, støtte og rettleiing, har Kvinnherad kommune, saman med Ullensvang Kommune oppretta konsultasjonsteam for vald og seksuelle overgrep. Konsultasjonsteamet er eit lågterskeltilbod som tilbyr anonyme drøftingar, i saker som omhandlar vald og seksuelle overgrep mot barn og unge. Får ein mistanke om vald og overgrep, så er dette tøffe og vanskelege saker, som ein gjerne kvir seg for å ta tak i, er usikker på kva ein skal gjera og korleis ein skal gå fram. Då er det godt å ha eit tilbod der ein kan få hjelp, og sleppe å stå aleine i desse vanskelege sakene. Konsultasjonsteamet har eit ynskje om å ta ned terskelen for å ta kontakt i slike saker, og det er nok å ha ein vond klump i magen, før ein tar kontakt.

Konsultasjonsteamet for vald og seksuelle overgrep tilbyr og kurs/opplæring i temaet, korleis ein skal snakke med barn, og kva ein skal gjera om ein får uro for eit born. Det er eit ynskje om at alle som arbeider med barn og unge har opplæring i dette.

Konsultasjonsteamet nyttar seg av modellen «reflekterande team», som gir rom for gode tverrfaglege refleksjonar, som bidrar til eit betre heilheits bilet på saka, og kjem med råd og rettleiing til kva ein bør gjere vidare.

Les meir om konsultasjonsteamet [her](#), eller ta direkte kontakt med koordinator eller eit anna medlem i teamet.

## **8. Avdekkjande samtalar:**

### **8.1 Smakkemedbarn.no**

Når ein skal snakke med barn om vanskelege tema, er det viktig at me er trygge vaksne, som veit kva me skal seie og ikkje seie. Måten me stiller spørsmål på, og måten me reagerer på det som kjem, kan vera avgjerande for om barn fortel eller ikkje. I tillegg til å få opplæring av konsultasjonsteamet for vald og seksuelle overgrep, er det no kome ein nyttig nettportal, der ein kan lese meir om teamet. Her finn ein teori, videoar og andre nyttig materiale. I tillegg, og kanskje viktigast, er det ein snakkeapp, der ein kan øve seg på å gjennomføre ein avdekkande samtale. Dette appen blir anbefalt for å bli tryggare i vaksenrolla, og få auka sin kompetanse på ei slik avdekkjande samtale.

**Klikk på denne linken for å kome til snakkeportalen: [www.smakkemedbarn.no](http://www.smakkemedbarn.no)**

**Sjekk og ut nettsida: [www.sexuellatferd.no](http://www.sexuellatferd.no) om du er uroleg for barnet si seksuelle åtferd.**

## **8.2 Meir om samtale med barn**

Under her finn du og tips og hjelp til ei slik samtale.

Ein avdekkjande samtale har vi når eit barn på ulike vis gir oss signal om at dei ikkje har det bra, og når signala gjer oss urolege. Desse signala kan vera noko barnet har sagt, eller vist ved utagering, tilbaketrekkning eller seksualisert åtferd.

### **Uførebudd samtale**

Dette har du når barnet snakkar til deg utan at du er førebudd. Slike samtaler kan oppstå i situasjonar med fleire barn til stades. Hugs at barnet viser deg stor tillit ved å fortelje dette til deg.

- Ver roleg. Vi må ta imot det barnet seier utan å vise at vi blir skremde.
- Sei at det var bra barnet sa i frå om dette, og la barnet snakka.
- Dersom det er fleire barn til stades, sei at du vil høre meir om dette seinare.
- Snakk med nærmaste leiar etter samtaLEN og få rettleiing til vidare oppfølging av barnet.

### **Planlagt/ førebudd samtale: - den avdekkjande samtaLEN**

Set av god tid til samtaLEN, og pass på at du kan sitja uforstyrra.

- **Barnet sine signal;** I innleiinga til samtaLEN kan det vera greitt å ta utgangspunkt i barnet sine signal. «Eg ser at du ser lei deg ut, og at du gret ein del for tida...» Spør kva som har skjedd.
- **Informert gissing;** Generaliser gjerne i starten; «eg kjenner mange barn som gjer/seier/skriv/ har det akkurat som deg, og dei har opplevd ting dei ikkje har våga å snakka om. Eg lurer på om du og ber på noko du ikkje har våga å sei?»
- **Konsekvens;** Snakk gjerne vidare om løyndommar og redsler. Kva er gode og kva er vonde løyndomar, kva kan skje om du fortel? Presiser at du er ein det er lov å fortelje ein slik vond løyndom til.
- **Gjenta og stadfest;** ver aktiv lyttar, gjenta og stadfest det barnet fortel.
- **Skuld;** bekrefte barnet si oppleving av å føle skyld for det som har skjedd. Deretter må du ta frå barnet skuld
- **Gi ros;** gi ros til barnet for at han/ho fortel dette til deg, sjølv om det er vanskeleg, og trass ui redsla som barnet har for eventuelle konsekvensar
- **Informasjon;** informer barnet om kva du vil gjera vidare

Under finn du nokre lenker til filmar som omhandlar den avdekkjande samtaLEN. Desse kan vera gode å sjå før du skal ha ein vanskeleg samtale, der målet er å avdekkja.

- I. Frå uro til handling: [Sjå film](#)
- II. Gode og vonde løyndommar: [sjå film](#)
- III. Kommunikasjon som opnar: [Sjå film](#)
- IV. Kommunikasjon som lukkar: [Sjå film](#)

(Høyrer til kurspakken "Handlingskompetanse ved bekymring for eller kjennskap til at barn utsettes for vold og seksuelle overgrep", Hjelp til hjelp )

### **8.3 Andre tips til samtale med barn:**

- Ikkje lov barnet at dette blir ein løyndom mellom deg og barnet. Trygg barnet ved å forklare at du må sei i frå til andre vaksne for at ting skal bli betre. Fortell at vi vil hjelpe, og sei at lova seier at vi MÅ hjelpe.
- Barnet har ein rett, men inga plikt til å fortelje. Kanskje barnet ikkje vil fortelje oss meir enn det har gjort, og det er helt greitt. Barnet avgjer kva det vil vi skal vete, og når vi skal få vete det. Sjølv om det er viktig at dei snakkar, må dei ikkje bli pressa.
- Skriv ned kva barnet og du sjølv seier. Dette er viktig for eventuell vidare saksgang.
- Still opne spørsmål. Unngå leiande og konkrete spørsmål om valden. Bruk "fortel meir om..." og "skildre..." når du snakkar med barn
- Gi barnet gode pausar – ikkje avbryt.
- La barnet være ekspert på sin eigen historie og få lov til å fortelje fritt ved ganske enkelt å gjenta det barnet fortel. Nokre gonger må barnet oppmuntrast til å fortelje meir.
- Sei noko om at barnet ikkje er åleine, at du kjenner andre som har opplevd det same, og at ingen barn burde oppleve noko slikt. Barn som har opplevd vald kjenner seg einsame og trur ofte at dei er åleine om å oppleve slike ting.
- Fortell at det dei vaksne gjer er dei vaksne sitt ansvar. "Det er ingen vaksne som har lov å gjere det du har fortalt no" (gjenta dei orda som barnet har brukta). Sei at barnet ikkje har gjort noko gale, uansett kor umogelege barn er, er ikkje dette lov.
- Dersom barnet formidlar skuld, er det viktig å formidle at barnet gjorde det beste det kunne i situasjonen, og at det ikkje er hans/hennar skuld.



Lag deg ein plan for å avslutte samtalen når du eventuelt har fått tilstrekkeleg informasjon til å melde til barnevernet. Be gjerne om konkret rettleiing frå barnevernet før du gjennomfører samtalen. Dette kan gjerast anonymt.

[Her](#) kan du lesa meir om korleis du kan gjennomføra samtalar med barn, og om dei ulike fasane i samtalen. Du kan også få tips til opne spørsmål.

#### **Avslutning av samtalen:**

- Gjer merksam på at det kan gå noko tid før nokon snakkar med mor og far, men at du skal komme tilbake til barnet. Barnet skal verta informert undervegs i saka.
- Trygg barnet på at det alltid er velkommen igjen om han/ho treng nokon å kome til. Inviter gjerne barnet tilbake til samtale dersom det ikkje kjem sjølve. Når barnet har fortalt til deg, er det fordi det har opplevd deg som ein tillitsperson.

#### **Etter samtalen**

- Hugs at du ikkje må informere føresette om at du har snakka med barnet
- Samtale med leiar, følg rutinar for melding til barnevernet.
- Barnevernenesta nyttar i nokre høve «[Klemetsrudmodellen](#)». Den gir barnevernet rutinar for å sikre at barnet er trygt under arbeidet med saka. Dette skal vere med å hindre at barnet opplever reprimande når dei til dømes kjem heim.

#### **8.4 Bruk av tolk i samtalen:**

- Bruk berre godkjent tolk
- Bruk ikke barn eller andre medlemar av familien som tolk.
- Det hender at einskilde har særskilte ynskje om personen deil vil ha som tolk, t.d mannleg eller kvinneleg. Følg opp dette dersom det er mogeleg.
- Hugs at barn og unge kan ha trøg for å snakke med tolk når det er slike vanskelege tema.
- Planlegg samtalen godt. Dette inneber mellom anna at det må setjast av meir tid til samtalen når det skal vera med tolk.
- Planlegg emna du skal ta opp, og vurder om spørsmåla er enkle nok. ( i spesielt vanskelege saker kan det vera naudsynt å orientera tolken på førehand)
- Prøv å unngå bruk av tolking over telefon når du samtalar med barn. Kroppsspråk og mimikk er særskilt viktig i dialogen med barn.
- Avklar kven som har ansvar. Det er du som skal styra samtalen, ikke tolken.
- Tolk skal ikke formidla kultur, berre omsetje det som kjem til uttrykk

## **9. Kva gjere vi ved mistanke om vald/ overgrep:**

Får du ei uro for om eit barn kan vera utsett for vald og/eller seksuelle overgrep, er det viktig å ikkje stå i det aleine. Dette er tøffe saker, som er vanskelege og som utfordrar oss. Kjenner du på ei slik uro, ta det opp med ein kollega eller med leiaren din. På denne måten kan du sjekk ut om det er fleire som deler di uro, og du kan få hjelp og støtte. Her er nokre tips til kva som er lurt å gjere om du får uro for eit born:

1. Drøft straks uroa med leiari. Snakk og gjerne med ein kollega for å sjå om dei har same uro eller kan kome med meir informasjon.
2. Samtale med barnet, for å finne ut meir om uroa di.
3. Bli einige om kva de skal gjera vidare, og kven som skal gjera kva. ( samtale med barnet, observasjon ol)
4. Er saka alvorleg eller akutt, send melding til barnevernet og/eller politiet
5. Er ein usikker på kva dette kan vera, og ein ikkje veit kva ein skal gjera, ta kontakt med Konsultasjonsteam for vald og seksuelle overgrep for konsultasjons og rettleiing.
6. Etter møtet med konsultasjonsteamet, vurder om ein skal melde barnevernstenesta, eller om ein skal gjere andre tiltak. Andre tiltak kan vera samtale med barnet, observasjonar og loggføring, eller anna.

Hugs, ved mistanke om vald eller seksuelle overgrep, skal ein ikkje informere føresette om at ein sender melding til barnevernet eller politiet.

Hugs og, alle offentleg tilsette har plikt til å melde til barnevernet om dei har uro for om eit barn er utsett for vald eller seksuelle overgrep. ( små meir under meldeplikt)



## **10. Avklaring av uttrykk**

### **Teieplikt**

Teieplikt er ei plikt til å hindre at personlege opplysningar blir kjent for uvedkommande. Teieplikta er i utgangspunktet eit forbod mot å gje personlege opplysningar vidare.

### **Avvergingsplikt**

- Alle har ei generell plikt til å søke å hindre visse former for alvorlege lovbrøt gjennom å melde lovbrøtt til politiet eller varsle om det ulovlege på ein annan måte.
- Seksuelle overgrep og grov lekamsskjending kjem inn under dette punktet.
- Denne plikta går føre teieplikta.

### **Meldeplikt/opplysningsplikt**

er ei plikt til å gi opplysningar. Alle offentlege instansar har plikt til å melde til barnevernstenesta om barn som blir utsett for, eller er vitne til vald. Einskilde instansar og tenester har særlege lover som regulerer verksemda sine føringar om teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett.

### **Opplysningsplikta**

til barnevernstenesta omfattar både ei plikt til å melde frå på eige initiativ og til å gi opplysningar ved pålegg frå barnevernstenesta. Verksemda sine eigne rutinar vert følgde når melding blir sendt barnevernet.

### **Opplysningsrett**

Han/ho som sit med opplysningar har åtgang, men ikkje plikt, til å gje opplysningane vidare.

### **Informasjon om at melding vert gjeve til barnevernstenesta**

I saker der det er mistanke om at eit barn er utsett for eller er vitne til vald i familien, er det barnevernstenesta eller eventuelt politiet som vurderer om og når omsorgspersoner skal få informasjon.

### **Anonymitet**

Offentleg tilsette kan ikkje melde saker anonymt.

Dersom det er privat meldar, kan barnevernet etterstrevat at meldar blir anonym så langt det er mogeleg. Kjem saka opp i fylkesnemnda, kan privat meldar bli kalla inn som vitne.

Han/ho som gir opplysningar til barnevernstenesta er ikkje sikra anonymitet.

### **Samtykke**

Teieplikta skal i utgangspunktet ivareta den einskilde sitt krav om anonymitet om sin kontakt med hjelpeapparatet eller andre personlege tilhøve. Om denne personen gir sitt samtykke, kan likevel teieplikta bli oppheva og verksemder kan utveksla relevant informasjon

### **Melding**

Politiet har eit sjølvstendig ansvar for å ta ut offentleg påtale og setje i verk etterforsking ved vald i nære relasjoner.

(Sjå meir: [Forvaltningslova](#), [Helsepersonellova](#), [sosialtenestelova](#), [universitet og høgskulelova](#), [barnevernslova](#))

## **11. Kontaktinformasjon til aktuelle tenester:**

### **Barnevernstenesta i Kvinnherad**

Besøksadresse: Telefon: 53 46 16 90  
Husnes tenestesenter  
Sentrumsvegen 29  
5460 Husnes

### **Barnevernvakta**

**telefon 976 10 100**

### **Politiet –**

Kvinnherad lensmannskontor  
Stabburshaugen 5  
5460 Husnes  
Telefon: 02800  
Telefon: 53 48 38 00

E-post: [post.hordaland@politiet.no](mailto:post.hordaland@politiet.no)

### **Konsultasjonsteam for vald og seksuelle overgrep, barn og unge**

E-post: [konsultasjonsteamet@kvinnherad.kommune.no](mailto:konsultasjonsteamet@kvinnherad.kommune.no)

### **Alarmtelefon for barn og unge**

Telefon: 116 111

### **Tolketeneste**

Hero  
E-post: [tolk@hero.no](mailto:tolk@hero.no)  
Telefon: 02541

### **Landsdekkende telefon for incest og seksuelt misbrukte**

Telefon: 800 57 000

### **Krisesenter Vest IKS**

Avdeling Stord  
Telefon: 53 41 12 12

### **Familievernkontoret Odda**

Telefon: 466 19 150

**12. Aktuelle og nyttige lenkjer:**

- [www.Snakkemedbarn.no](http://www.Snakkemedbarn.no)
- [www.seksuellatferd.no](http://www.seksuellatferd.no)
- [www.hvorlite.no](http://www.hvorlite.no)
- [www.jegvet.no](http://www.jegvet.no)

Andre aktuelle nettsider:

- [www.rvtsvest.no](http://www.rvtsvest.no)
- <https://stinesofiesstiftelse.no/>
- [www.nkvts.no](http://www.nkvts.no)
- [www.politiet.no](http://www.politiet.no)
- [www.barneombudet.no](http://www.barneombudet.no)
- <http://www.bufdir.no/global/nbbf/Barnevern/Klemetsrudmodellen.pdf>
- <http://www.bufdir.no/barnevern/skoleveileder/>
- [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)

### **13. Kjelder:**

- **Per Isdal** (2000) Meningen med volden, Kommuneforlaget
- **Svein Mossige og Kari Stefansen** ( 2007 ) Vold og overgrep mot barn og unge, Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring
- **Anne Lindboe** (2013) Barn utsatt for vold og overgrep – hvordan hjelper vi barna? Skandinavisk akuttmedisin
- **Åse Langballe** (2011) Den dialogiske barnesamtalen – hvordan snakke med barn om sensitive temaer, Nasjonalt kunnskapsenter om vold og traumatiske stress.
- **Ragnhild Arnesen og Liv Diesen** ( 2008) Klemetsrudmodellen, Søndre Nordstrand barneverntjeneste
- **Helsedirektoratet** (2015) Helsepersonellets taushetsplikt – rett og plikt til å utlevere pasientopplysninger til politiet (IS-9\_2015)
- **Vold i nære relasjoner** – hva gjør vi? , Drammen Kommune
- **Den viktige samtalen med barn**, Reidun Dybsland, RVTS
- **Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet**, (2013 ) En god barndom varer lever ut ,
- **Asker kommune**,( 2012) Handlingsplan for bekjempelse av vold i nære relasjoner,
- **Bærum kommune**( 2007) Handlingsplan for bekjempelse av vold i nære relasjoner,
- **Alternativ til vold og Senter for krisepsykologi**, (2010) Barn som lever med vold i familien,
- Senter mot incest og seksuelle overgrep i Telemark
- **NKVTs**, Seksjon Barn og unge, 2007
- **Overgrepsmottaket Arendal** (<http://www.overgrepsmottaketarendal.com/44815494>)
- **Stinesofie-stifelsen**  
(<http://veilederen.stinesofiesstiftelse.no/index.php?pageID=154&page=N%E6rmere+om+tall+materialet>)
- **Helse Midt** ([http://www.helse-midt.no/ftp/stolav/eqspublic/pasientforlop/docs/doc\\_21720/attachments/Planeksuelleovergrep%20Trondheim.pdf](http://www.helse-midt.no/ftp/stolav/eqspublic/pasientforlop/docs/doc_21720/attachments/Planeksuelleovergrep%20Trondheim.pdf) )
- **Barnevernslova 1993**
- **Straffelova 2005**
- **Helsepersonellova 2000**
- **Forvaltningslova 1970**
- **Universitet- og høgskulelova 2005**